



Referat frå FAU-møte tysdag 11.2.25

Til stades:

Silje Fosse, 1.trinn
Ingrid Underhaug Nielsen, 2.trinn
Karoline Bekkelund, 3.trinn
Lena Taksdal, 4.trinn
John Sægrov Holm, 5.trinn
Kristian Hognestad, 6.trinn
Zofia Nedrebø, 7.trinn
Ingveig Nærland Ødegård, rektor
Asgeir Lystvet, avdelingsleiar

Saker:

29. Nasjonale prøver ved Asgeir

Lesing; Stabilt på 5 trinn over lang tid, men eit par trinn har hatt lågare resultat siste 5 år. Skulen synes ikkje resultatane viser god nok progresjon for mange nok elevar mellom 5. til 8. trinn, sjølv om dette også kan ha årsak i individuelle tilfellet, samt generelle utfordringar i skulen og korleis motivasjonen er for elevane sin innsats på nasjonale prøver (ser det same også på andre skular).

Rekning; Stabile tal, over skåren i Time.

Engelsk; Skårer lågare enn i Time, men skårar høgare år for år.

Innspeil/kommentarar referert ved Ingveig

30. Elevundersøkinga – gjennomgang av resultat ved Asgeir

5. -7. trinn. Måler fag, trivsel (mobbing) og motivasjon.

Over snitt; Trivsel og motivasjon og mål for timen.

Under snitt; Ønsker meir informasjon av lærar; fortel meir om kva som er bra med arbeidet mitt og kva eg må gjera for å bli betre i faga. (Vurdering for læring)

Mobbing;

- Ingen kjenner seg krenka av vaksne.
- Det er elevar som har rapportert tilfelle av mobbing dette skuleåret i undersøkinga (men denne undersøkinga gir ikkje eksakte tal hos oss). Olweus og dei andre rutiane skulen har for skulemiljø vil i mykje større grad kartlegga å ta inn funn i det kontinuerlege arbeid med å sikra at alle elevar har eit godt skulemiljø.
- Knyta til opplevd digital mobbing, er det også rapportert eit eller fleire tilfelle frå elevane for året, men omfanget er generelt lågt.

Skulen har «vekesjekk» kvar veke, på vekeplan og papir, der elevane kan svara korleis dei har det og om dei vil snakka med nokon. I tillegg bruker skulen sosiogram minst ein gong i halvåret for kartlegging, og Olweusundersøkinga som blir gjennomført i mars.

31. Olweusundersøkinga – kort info ved Asgeir

Vert gjennomført i veke 10 for 4. -7. trinn. Informasjon kjem ut til føresette.

32. Foreldremøte onsdag 12.03.25

Innhald; Respekt og omsorg? Språkbruk? Sosiale medier? FAU går for å følgja opp tema frå i fjor om språkbruk og korleis ein oppfører seg mot andre. Asgeir kan snakka litt om moralsk fråkopling og fleirtalsmisforståingar før me set oss i grupper med dialogspel og påstandar. Dei ansatte er med og lagar påstandar og desse blir sendt ut til FAU før møte for å plukke ut dei mest relevante for diskusjon.

33. Nytt fra KFU; Nytt møte 20.02.25

34. Krinsgrenser - opp i kommunestyret 19 februar

Info fra Kristian – Etter ein lang prosess i etterkant av skulebruksplanen frå mai 2024, kan det nå sjå ut til at endeleg vedtak kan bli at ein likevel ikkje går over til faste krinsgrenser for barneskulane i Time kommune, kun for ungdomskulen.

35. Anna;

Lekser; infoskriv frå Ingveig. Vi tek vekk “30 minutt” foreløpig frå tekst og tek ein diskusjon.

Ingveig tek dette vidare til lærarane, elevrådet og ut til føresette på foreldremøtet.

Trinnkasse frå FAU; Vi tek det på neste møte.

Ingen nye tilsetjingar neste år. Asgeir vert overflytta til Bryne ungdomsskule. Linn er i permisjon.

Referent Zofia Nedrebø